

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/7677-2

Selskapskontroll 2018 - bestilling

Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll 2018 – Eigarskapskontroll Sogn og Fjordane teater LL - i samsvar med vedlagde bestillingsdokument med eventuelle endringar som kjem fram i møtet.
2. Bestillinga vert sendt SF revisjon IKS

Vedlegg:

- Bestilling av selskapskontroll 2018 – Eigarskapskontroll Sogn og Fjordane teater

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Selskapskontroll er heimla i KommuneLOVA (KL) § 77 nr. 5. I Forskrift om kontrollutval, som er fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 med heimel i KL § 77, vert selskapskontroll konkret handsama i § 14.

Plan for gjennomføring av selskapskontroll 2016 - 2020 vart vedteke i fylkestinget 18. oktober 2016 i sak 42/16. Kontrollutvalet fekk i fylkestinget sitt vedtak fullmakt til å utføre selskapskontroll innanfor vedteke budsjett. Selskapskontroll skal utførast av SF revisjon IKS jf. selskapsavtalen til SF revisjon IKS.

Det første prosjektet som står i planen er selskapskontroll av den overordna eigarstyringa. Denne kontrollen vart gjennomført i 2017. Neste prosjekt er Eigarstyring av Sogn og Fjordane teater LL.

2. Vurderingar og konsekvensar

Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll inneber ei vurdering av eigarskapsutøvinga og forhold knytt til rapportering og informasjonsflyt sett frå eit eigarperspektiv. Eigarskapskontrollen av Sogn og Fjordane teater går ut på å kontrollere om fylkeskommunen sine eigarinteresser vert ivaretekne. Kontrollen dreier seg primært om å kontrollere at den som utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser, utøver sitt mynde på den måten som er fastsett i den aktuelle verksemdlov (for eksempel lov om aksjeselskap) og i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og forutsetningar. Utøvinga av eigarskapskontroll vil også bli vurdert opp mot KS sin rettleiar:

“Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak” .

Eigarskapskontrollen har følgjande hovudproblemstillingar:

- I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til Sogn og Fjordane teater LL?
- Vert eigarinteresser til fylkeskommunen utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadar, aktuelle lovheimlar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
- Fører fylkeskommunen kontroll med sine eigarinteresser i selskapet på ein lovmessig og trygg måte?

Problemstillingane vert eventuelt justert etter handsaming av bestillingssaka i kontrollutvalet.

Økonomi

Kontrollutvalet vedtok 27. februar i år i KU-sak 10/18 at gjennomføring av selskapskontroll er omfatta av budsjettposten på kr. 493 670, som er ein del av budsjettposten for kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll. . Dette er prinsipielt i samsvar med vedtaket i KU-sak 7/2017, handsama i same møtet.

Praktisk gjennomføring av selskapskontrollen

Kontrollutvalet bestiller utføring av eigarskapskontrollen av SF revisjon IKS. Ei eventuell tilråding om det bør utførast forvaltningsrevisjon på grunnlag av indikasjonar i eigarskapskontrollen eller i andre avdekka tilhøve, er ein del av kontrollen. Det må utarbeidast ei melding tilbake til kontrollutvalet om resultatet av eigarskapskontrollen, og evt. om det bør iverksetjast forvaltningsrevisjon. Bestillinga er lagt fram for revisor, som ikkje har kommentarar til innhald og tidplan.

Vedtaket i saka (saksprotokoll) med saksutgreiing i tillegg til utfyllt bestillingsdokument sendast SF revisjon IKS som fullstendig bestilling.

3. Konklusjon

Kontrollutvalet bestiller gjennomføring av selskapskontroll – eigarskapskontroll Sogn og Fjordane teater. Bestillinga vert sendt til SF revisjon IKS. Utvalet ber om rapport etter ferdigstilling av prosjektet seinast 8. november 2018.